

NVE
Middelthuns gate 29
0301 Oslo

TUSSA ENERGI AS

Langemyra 6, 6160 Hovdebygda
Telefon: 70 04 62 00

E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 14386
NO 876 795 442 MVA

Dykkar ref.:
202601438 -2

Vår ref.:

Sak/dok.nr
-/ DML

Arkivref.

Dato: 18.03.2026

Tussa Energi – kommentarar til høringssvar vedkomande ny rørgatetrase for Fausa Kraftverk.

Ein fekk høyringsinnspel frå følgande interessentar:

- Stranda kommune
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Mattilsynet

Stranda kommune

– Ingen merknader.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Rørgata vil krysse fleire mindre bekker. Vi ber om ei ekstra vurdering på om desse har årssikker vassføring før anleggsstart. Vi vil anbefale at det vert teke bilete av bekkene som fotodokumentasjon, slik at ein ved reetablering kjem så nære opprinneleg naturtilstand som mogleg. Det same gjeld kryssing av Fausaelva med anleggsveg ved bruk av vad.

- Bekkekryssingane vil bli bygde slik dei er omtala i DML. Vi vil ha tett oppfølging av entreprenøren gjennom heile anleggsperioden for å sikre at alle krav og eventuelle pålegg frå NVE ved godkjenning av detaljplan blir etterlevde.
 - Alle bekekryssingar vil bli dokumenterte med bilete både før og etter bygging av ny rørgate. Bekkane er planlagt lagt slik at dei skal renne over den nye rørgate.
 - Kryssinga av Fausaelva vil bli dokumentert med bilete både før og etter at vi har lagt til rette for elvevada
-

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Side 3 av 4 kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringen må gjennomførast før den endelege detaljplanen eventuelt kan godkjennast.

– Tussa Energi har bestilt arkeologiske undersøkingar hos fylkeskommunen.

Tiltaket omfattar mellom anna utskifting av eksisterande tre- og stålrør og etablering av nye lukehus

– I høyringssvaret peikar MRF under kapittelet Innleiing på at tiltaket omfattar «utskifting av eksisterande tre- og stålrør og etablering av nye lukehus».

– I DML er det presisert at det skal byggjast ei ny rørgate i ny parallell trase, og at eitt lukehus som tek inn vatn frå nedbørsfeltet Svartåna skal rehabiliterast. Lukehuset blir plassert på same stad som i dag og vil – dersom det er mogleg – bli bygd vidare på eksisterande murar.

– MRF viser òg til at det skal etablerast eit nytt ventilhus på dyrka mark. Dette er ikkje korrekt. Det einaste ventilhuset som skal byggjast eller erstattast, er ventilhuset ved inntaket i som er nevnt over.

– Deler av dyrka mark vil bli nytta som mellombels rigg- og lagerområde for rør i anleggsperioden, men arealet blir tilbakeført til fulldyrka mark når arbeidet er avslutta.

Det manglar også ei vurdering av risiko for sedimenttilsig som følgje av anleggsarbeid i og nær elva.

– Når det gjeld risiko for sedimentering som følge av arbeid i eller nær elva, er det einaste tiltaket i sjølve elveløpet etablering av vad for anleggsmaskiner. Det blir lagt ned rør i vada slik at vatnet kan renne under. Elles blir det ikkje utført arbeid tett på elva, med unntak av elvekryssinga. Denne kryssinga er allereie etablert, og den nye rørgata vil følgje same trase som eksisterande rør. På elvekryssinga vil det bli lagt ned eit prefabrikert rør i stål, som spanner over heile elva. På den måten får vi ingen arbeid som kan føre til sedimenttilsig.

Det manglar også ei vurdering av om myrdrenering langs rørtraseen kan påverke vassførekomstar. Omtalte bekkekryssingar må anleggast slik at eventuell fiskevandring blir ivareteke.

– Handtering av drenering i myra langs rørgatetraseen og tiltak for å avgrense påverknad er omtalt i kapittel 2.3 i DML.

Mattilsynet

Tiltakshaver må kartlegge om det er private vannforsyningssystem som kan bli negativt påvirket både på kort og lang sikt i planområdet. Dersom det er private vannkilder som blir berørt, må det vurderes og omtales eventuelle tiltak for å forhindre forurensning i vidare planarbeid.

– Det er ingen drikkevasskjelder i området som blir påverka av den nye rørgata. Dei private vassforsyningane er baserte på borehol, og dette ligg på motsett side av dalen i forhold til der anleggsarbeidet skal gjennomførast.

– Tidlegare hadde dei to gardsbruka drikkevatt frå inntaket på Svartåna, men dette inntaket blir i dag berre nytta som reserveforsyning og spylevatn. Reserveforsyninga vil vere i drift gjennom heile anleggsperioden. Vi er i god dialog med brukarane dersom det skulle bli nødvendig å leggje om leidninga i korte periodar.



Med vennleg helsing
TUSSE ENERGI AS

Ola Raknes